

## **VEDTEKTER FOR STIFTINGA HESTHAMAR SKRIVARGARD**

*Endra 04.05.2022, styresak 6/2022*

### **§ 1 Utgangspunkt**

Hesthamar skrivargard er ei ideell stifting som er skipa av Ullensvang kommune.

### **§ 2 Føremålet med stiftinga**

Føremålet med stiftinga er å ta vare på Hesthamar skrivargard som eit kulturminne.

### **§ 3 Stiftinga sitt ansvar**

Stiftinga sitt ansvar er å forvalta eigedomen Hesthamar skrivargard (gnr. 110, bnr. 13) på lang sikt og på kort sikt

Stiftinga skal arbeida for å ta vare på og restaurera eigedomen, eventuelt bygga nye bygningar i tilknyting til eigedomen i samsvar med eigedomen sin status som kulturminne.

Stiftinga skal òg arbeida for å formidla historia bak og verdien av Hesthamar skrivargard.

Stiftinga skal dessutan arbeida for å nytta eigedomen i kulturell formidling (så som ved konsertar og andre kulturelle arrangement) og ved kunnskapsformidling.

### **§ 4 Økonomi**

Stiftinga har ikkje eige økonomisk føremål.

Stiftinga sin grunnkapital er verdien av eigedomen Hesthamar skrivargard (gnr. 110, bnr. 1). Verdien av eigedomen er kr 2 millionar.

Stiftinga hentar inntektene sine frå utleige av stiftinga si eigedom, kommunale overføringer, tilskot og liknande, samt eventuelle andre inntekter som følgjer av stiftinga si eigen verksemd.

Eventuelt overskot i drifta skal forvaltast av styret og nyttast til føremon for stiftinga.

Stiftinga bruker et godkjent regnskapsfirma til føring av regnskapet.

Stiftinga skal ha eigen ekstern revisor.

Ullensvang kommune skal betala forsikring for eigedomen.

### **§ 5 Val av styre**

Stiftinga skal ha eit styre på fem medlemer med to nummererte varamedlemer.

### **§ 6 Styret sin samansetning**

Stiftinga skal ha eit styre på fem medlemer med to nummererte varamedlemer. Styremedlemene si funksjonstid er på to år. For å sikra kontinuitet i styret, vert berre inntil tre medlemer bytt ut

samstundes. Attval kan finna stad. Oppnemning av styremedlemer skjer innan utgangen av april kvart år. Styret konstituerer seg sjølv, her under val av leiar.

Styret skal ha slik samansetjing:

- *Ein representant frå nærområdet rundt eigedommen, postnummer 5778, som vert utnemnd av styret for Stiftinga.*
- *Ein representant med særleg interesse for og kunnskap om gamle bygningar som vert utnemnd av styret for Stiftinga (i samråd med den regionale fortidsminneforeining).*
- *To representantar som Skrivarens Venelag utnemner.*
- *Ein representant frå kommunestyret i Ullensvang*
- *To vararepresentantar som vert utnemnd av styret for Stiftinga.*

#### § 7 Styret sitt arbeid

Styreleiar er møteleiar. Viss styreleiar ikkje er til stades på eit møte, skal styret velja møteleiar blant dei andre styremedlemene. Styreleiar har ansvar for at sakar som høyrer inn under styret vert handsama av styret. Kvart styremedlem kan krevja at ei sak vert handsama av styret. Kvar styremedlem kan krevja protokolltilføring i møteprotokollen.

Styremøtene vert protokollerte og signerte av dei som er til stades på møta. Styret gjer vedtak i møte. Vedtak vert gjeldande ved reint fleirtal.

Styret er vedtaktføre når minst tre medlemer eller deira varamedlem er til stades. Dersom det vert likt røystetal ved avstemning, har styreleiar dobbelrøyst.

Det skal haldast minst to styremøte per år. Ut over dette kan det haldast styremøte på telefon eller annan tenleg oppkopling.

#### § 8 Styret sitt ansvar og mynde

Styret skal forvalta stiftinga og det som vedkjem i samband med den i samsvar med føremål og vedtekter, og lovar og reglar som styrer verksemda, jf. § 3 ovanfor. Styreformann er dagleg leiar.

Styret har plikt til å sjå til at bokføring og forvaltninga av stiftinga sine verdiar er under trygg kontroll. Budsjettet må tilpassast dei tilskot som stiftinga kan rekna med å få i budsjettåret. Rekneskapen skal følgja kalenderåret og avsluttast seinast tre månader etter utgangen av året.

Styret har ikkje mynde til å selja korkje eigedomen, deler av denne eller lausøyre/inventar.

Vedtektsendringar skal vedtakast med samråystes vedtak i fulltalig styre. Framlegg til vedtektsendringar må sendast Ullensvang kommunestyre til orientering seinast to veker før styremøtet der framlegget skal handsamast.

#### § 9 Representasjon

Styret representerer stiftinga. Styreleiar og eit medlem i fellesskap er tildelt signatur.

## § 10 Oppløysing

Dersom det skulle visa seg at ein ikkje klarar å oppfylla målet med stiftinga, kan styret gjera vedtak om oppløysing av stiftinga. Slikt vedtak må gjerast samrøystes i to fulltalige styremøte med minst tre månaders mellomrom. Straks etter fyrste vedtak sender styret melding om vedtaket til Ullensvang kommunestyre.

Vert stiftinga oppløyst, skal Hesthamar skrivargard førast attende til Ullensvang kommune.

## § 11 Regelverk

Spørsmål som ikkje er omtala i vedtekten skal fylgja dei til ei kvar tid gjeldande reglar i lov om stiftelsar mm (nr 11 av 23 mai 1980) med tilhøyrande forskrifter.